



SAKSHANDSAMAR
Mari Solheim Sandsund

VÅR REF.
20/09455-20

VÅR DATO
15.08.2022

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR REF. DYKKAR DATO

Sjå mottakarliste

Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse - Sogn og Fjordane - Høyring

Vi viser til brev 01.07.2020 frå Riksantikvaren til aktuelle kommunar i Sogn og Fjordane, samt Voss herad der vi orienterte om prosjektet Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Vi viser også til digitale dialog- og innspelsmøte hausten 2020 og kontakt mellom Vestland fylkeskommune og aktuelle kommunar undervegs i arbeidet. Vidare viser vi til brev frå fylkeskommunen til Ulvik herad 17.11.2021 og digitalt møte med Ulvik herad 21.12.2021.

Riksantikvaren sender no utkast til rapport for Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse for Sogn og Fjordane på høyring. Det er i alt forslag om 21 landskap, i 17 ulike kommunar. Dersom de har merknader til høyingsutkastet, har vi satt **frist for innspel 18. november 2022.**

Høyringa går til alle kommunane der vi foreslår landskap, til styresmakter og forvaltningsorgan på regionalt nivå, næringsorganisasjonar, frivillige organisasjonar og museum på fylkesnivå i Vestland. KULA Sogn og Fjordane skal syne mangfold av landskap i fylket, og i landet. Registeret skal først og fremst vere eit kunnskapsgrunnlag for forvaltinga i kommunar og hos andre styresmakter. KULA-registeret er ikkje ein verneplan og landskapa vert ikkje freda eller verna ved at dei vert utpeika, men skal auke medvitet og vere ei oversikt over landskap. Høyringa er open og det er mogeleg for alle å komme med innspel.

Sogn og Fjordane fylkeskommune/Vestland fylkeskommune har foreslått områda og utarbeidd forslag til skildringar. Riksantikvaren har arbeidd vidare med forslaga, og står ansvarleg for utvalet som no vert sendt på høyring.

Høyringsforslaget omfattar følgjande 21 landskap:

1. **Stadlandet**, Stad kommune
2. **Selja**, Stad kommune
3. **Nordfjord**, Kinn og Bremanger kommunar
4. **Strynefjellet vest**, Stryn kommune
5. **Midtre Bremanger**, Bremanger kommune
6. **Den ytre skipsleia med fjelløyene**, Kinn og Askvoll kommunar
7. **Jølstravatnet**, Sunnfjord kommune
8. **Tysselandet og Leite**, Fjaler kommune
9. **Lustrafjorden**, Luster kommune
10. **Hyllestad**, Hyllestad kommune
11. **Høyanger**, Høyanger kommune
12. **Balestrand og Vangsnæs**, Sogndal og Vik kommunar
13. **Grinde og Engjasete**, Sogndal kommune
14. **Strendene i Vik**, Vik kommune
15. **Hove og Hopperstad**, Vik kommune
16. **Gulatinget**, Gulen kommune
17. **Nærøyfjorden**, Aurland, Vik, Lærdal kommunar og Voss herad
18. **Filefjell vest**, Lærdal kommune
19. **Lærdal**, Lærdal kommune
20. **Aurlandsdalen fra Østerbø til Vassbygdi**, Aurland kommune
21. **Bergensbanen og Flåmsbana**, Aurland kommune og Ulvik herad

Her er lenka til høyringsrapport [Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Sogn og Fjordane](#).

Formålet med KULA-registeret og verknaden det har for kommunane

Klima – og miljødepartementet har bedt Riksantikvaren om å lage ei landsomfattande oversikt over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Intensjonen er å gje betre oversikt over og medverke til å ivareta nasjonalt viktige landskap. Arbeidet følgjer opp Europarådet sin landskapskonvensjon, som Noreg har godkjent. Konvensjonen legg vekt på at landskap er ein felles ressurs som må sikrast gjennom målretta planlegging, forvaltning og vern. For å kunne gjere dette på ein god måte er det mellom anna behov for å kartlegge og prioritere landskap. Kulturmiljøforvaltninga har eit særskilt ansvar for å halde oversikt over og velje ut kulturhistorisk verdifulle landskap.

KULA-registeret vil vere eit sentralt kunnskapsgrunnlag og skal signalisere tidleg og tydeleg kva landskap det må takast særlege omsyn til i areal- og sektorplanlegging. Slik vil kulturmiljøforvaltninga vere meir føreseieleg for kommunane og sektorane i deira arealplanlegging og forvaltning av landskap. Målet er å medverke til ei god forvaltning av landskap generelt og spesielt dei nasjonalt viktige landskapa.

Landskapet har alltid vore i endring, men omfanget og tempoet i endringane aukar. Forvaltninga av dei kulturhistoriske spora i landskapet er derfor meir utfordrande enn tidlegare. Samtidig er landskapet med sine historiske verdiar ein ressurs for samfunnet. Riksantikvaren signaliserer ikkje at endring er uønskt i desse områda. Målet er at registeret skal bidra til at kommunane og andre har eit medvite forhold til kvalitetane i landskapet når dei planlegg og forvaltar dei. Slik kan det som er karakteristisk og verdifullt førast vidare, og styrkast.

Kommunen er gjennom si arealplanlegging den viktigaste forvaltaren av landskap. Vi oppmodar dei aktuelle kommunane til å ta eit hovudansvar for å ta vare på verdiane i desse landskapa. Det er eit mål at kommunane skal forvalte KULA-områda med eigne verkemiddel, der plan- og bygningslova er viktigast. Eit hovudtiltak er at landskapa vert tekne vare på i kommuneplanens arealdel og leggast inn som omsynssone c) med særleg omsyn til landskap med retningslinjer. I tillegg bør det utarbeidast generelle føresegner for landskapa. Kommunane kan gjennom aktiv planlegging og forvaltning bidra til å utvikle landskapa sine som ein ressurs for innbyggjarane og som grunnlag for næringsverksemd, for eksempel reiseliv.

Riksantikvaren ventar vidare at andre styresmakter tek omsyn til landskapa i sine planar og tiltak. Dei ulike sektorane skal legge oversikten til grunn i planlegging og gjennomføring av store tiltak, for eksempel i samband med utbygging av vegar, jernbane, kraftutbygging m.m. Registeret skal vere eit verktøy også for regional kulturmiljøforvaltning, m.a. i samband med innspel til kommunal- og regional arealplanlegging samt i samarbeidet med ulike sektorstyresmakter. Vi vonar at registeret vil bidra til å styrke tidleg dialog mellom kommunane og regional kulturmiljøforvaltning i plansaker, slik at ein kan unngå konflikt om arealbruk i dei utvalde områda.

Dei faglege rammene for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

KULA-registeret er ferdig i Østfold, Hordaland, Troms, Agder, Buskerud, Akershus og Rogaland. Dei fleste fylka er i gang med arbeidet. Landskapa som blir valde ut fortel historier om det enkelte fylket, og om heile landet. Landskapet, med sine kulturhistoriske spor, kan gi oss kunnskap om levekår, busetting, arbeidsliv og ressursbruk i fortida, samspelet mellom

naturgitte og menneskeskapte element og korleis landskapet har endra seg. Samtidig har landskapa viktige verdiar knytt til opplevingar.

KULA-registeret skal omfatte landskap i rurale område, det vil seie utanfor byar og tettstader og område som er prega av nyare industri og moderne infrastruktur. Jordbrukslandskap blir vektlagt, men òg andre landskapstypar høyrer med. Dette er hovudlinjene i den tematiske avgrensinga, men i nokre tilfelle vil for eksempel mindre tettstader inngå for å få til ei forståeleg grense for landskapet. Den tematiske avgrensinga, som kom i 2018, har samanheng med at Riksantikvaren no arbeider med ei landsomfattande samla oversikt over kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse, i tråd med bestillinga i Meld. St. 16 «Nye mål i kulturmiljøpolitikken». Oversikten tek utgangspunkt i eksisterande arbeid med KULA og skal i tillegg inkludere kulturmiljø som på bakgrunn av geografisk plassering eller storleik fell utanfor dei to eksisterande registera.

Andre satsingar, oversikter og register

KULA-områda kan inngå i andre typar satsingar, oversikter eller register, anten heile område eller delar av området.

Delar av verdsarvområde Vestnorsk fjordlandskap, nærmere bestemt Nærøyfjorden samt Urnes er også foreslått som KULA-område. For desse verdsarvområda gjeld eigne forvaltningsplanar.

Nokre av dei foreslegne KULA-områda er landskap som òg høyrer med i satsinga Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL). Det gjeld deler av Stadlandet, heile Grinde og Engjasete og heile Lærdal. Riksantikvaren har valt å ta med desse i forslaget til KULA-registeret fordi dei er kulturhistorisk viktige i ein nasjonal samanheng og derfor bør inngå i Riksantikvarens register. Dei to ordningane har ulik innretning: UKL er ei økonomisk tilskotsordning og eit samarbeid mellom landbruks-, natur- og kulturmiljøforvaltninga. Den langsiktige satsinga legg opp til aktiv brukarmedverknad og deltaking. KULA-registeret er kulturmiljøforvaltninga sitt kunnskapsgrunnlag med oversikt over nasjonalt viktige landskap og eit signal til kommunal planlegging og til sektorplanlegging.

I fleire av KULA-områda inngår landskapselement i Statens vegvesen sin nasjonale verneplan. Dette gjeld Kongevegen over Filefjell og Gamle Strynefjellsveg.

Deler av nasjonalparkar, landskapsvernombjøde og andre naturvernombjøde, samt freda kulturminne inngår også i nokre av KULA-områda. For desse gjeld eigne verneforskrifter og fredingsføresegner.

Høyringsutkastet - skildring og vurdering av landskapa

Høyringsutkastet startar med ei innleiing om landskap og kulturhistorie i Sogn og Fjordane. Skildringa gir ei ramme for utvalet av område, og dekkjer òg viktige historiske tema som på grunn av den nemnde tematiske avgrensinga, ikkje speglast i dei 21 utvalde landskapa.

Kvar landskap er deretter skildra med vekt på det kulturhistoriske innhaldet. I utvalet av område har vi vore opptatt av dei viktigaste utviklingstrekka og kva strukturar, mønster og sentrale element, som det er mogleg å oppfatte i landskapet i dag. Skildringa kan òg handle om den delen av historia som er knytt til tru, hendingar og tradisjonar, og til erfaringsbasert kunnskap om bruken av landskapet.

Landskapskarakteren til kvart landskap blir skildra gjennom ein kort karakteristikk av kva som pregar akkurat dette landskapet. Vidare blir det gitt ei grunngjeving for kvifor nettopp dette landskapet har nasjonal interesse, ei vurdering av kva for viktige verdiar landskapet har. Dette kan omfatte viktige fasar i historia, strukturar i landskapet, byggeskikk og arkitektur, verksemder, hendingar, tru og tradisjon, kulturen til etniske grupper og spor frå forhistoria.

Til slutt kjem det ein omtale av kva området er sårbart for, kva som kan påverke landskapskarakteren og redusere verdiane (den nasjonale interessa). Vidare blir det gitt råd med viktige punkt for planlegging og forvaltning. Desse kan mellom anna gje grunnlag for kommunens utforming av generelle føresegner og retningslinjer.

Riksantikvaren tar sikte på å ferdigstille registeret for Sogn og Fjordane i løpet av hausten 2022. Høyringsinstansane blir orientert i brev med oppsummering av høyringa og endeleg rapport. Landskapa vil samtidig bli lagde inn i Riksantikvaren sin kulturmiljødatabase Askeladden.

Merknader til høyringsutkastet

Riksantikvaren ynskjer alle typar tilbakemeldingar og innspel til forslaget, men ber særskild om:

- merknader til om utvalet av landskap er dekkande, sett i fylkessamanheng
- merknader og eventuelle nye opplysningar til områdeskildring, storleik og avgrensing av dei enkelte områda, medrekna bruk av stadnamn og gjerne bidrag til fleire bilete frå landskapa
- merknader til råd om forvaltning av områda, vurderingar av kva området er sårbart for og opplysningar om planstatus og utvikling

Når det gjeld synspunkt på val av landskap, understrekar vi at endringar berre kan førekomme

når det ligg sterke kulturmiljøfaglege årsaker til grunn.

Høyringa er open og alle har moglegheit til å sende inn innspel, sjølv om dei ikkje har fått høyringsbrevet tilsendt.

I samband med høyringa inviterer Riksantikvaren og Vestland fylkeskommune til digitalt informasjonsmøte. Det vil bli halde ei orientering om KULA Sogn og Fjordane, der det m.a. vert mogleg å stille spørsmål til Fylkeskommunen og Riksantikvaren. Det er to moglege tidspunkt for deltaking, ein kan melde seg på anten **15. september kl. 09.00-11.30** eller **27. september kl. 09.00 -11.30**. Påmelding sendast til Mari.Solheim.Sandsund@ra.no

Vi viser til Riksantikvarens rettleiar [Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Kommunal og regional forvaltning \(2019\)](#). Rettleiaren gir meir informasjon om kva KULA-registeret er, og korleis kommunen, regional kulturmiljøforvaltning og sektorstyresmakter kan forvalte Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse.

Riksantikvaren har òg laga eit enkelt [informasjonsark om KULA](#) som kommunen og andre kan bruke i samband med formidling av KULA.

Beste helsing

Leidulf Mydland

Seksjonssjef

Mari Solheim Sandsund

Brevet er elektronisk godkjend

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Askvoll kommune		Boks 174	6988 ASKVOLL
Aurland kommune		Vangen 1	5745 AURLAND
Bane Nor SF		Postboks 4350	2308 HAMAR
Bergen og Hordaland Turlag		Tverrg 4-6	5017 BERGEN
Breheimen nasjonalparkstyre		Postboks 987	2604 LILLEHAMMER
Bremanger kommune		Postboks 104	6721 SVELGEN
Fiskeridirektoratet - Region Vest		Pb 185 Sentrum	5804 BERGEN
Fjaler kommune		Dalstunet 20	6963 DALE I SUNNFJORD
Forsvarsbygg		Postboks 405 Sentrum	0103 OSLO
Fortidsminneforeninga - Sogn og Fjordane avdeling		Vestreim	6854 Kaupanger
Fortidsminneforeningen - Bergen og Hordaland		Klostergaten 28	5005 BERGEN
Gulen kommune		Eivindvikvegen 1119	5966 EIVINDVIK
Havbruk Vest			
Hordaland Bonde- og småbrukarlag			
Høyanger kommune		Postboks 159	6991 HØYANGER
Hyllestad kommune		Kommunehuset	6957 HYLLESTAD
Kinn kommune		Postboks 294	6701 MÅLØY
Kystverket - Vest		Postboks 1502	6025 ÅLESUND
Lærdal kommune		Postboks 83	6886 LÆRDAL
Luster kommune		Rådhuset	6868 GAUPNE
Musea i Sogn og Fjordane		Gota 16	6823 SANDANE
Musea i Sogn og Fjordane avd. Norsk Kvernsteinsenter		Lifjordvegen 7	6957 HYLLESTAD

Nærøyfjorden verdsarvpark		Fjordsenteret	5745 AURLAND
Nærøyfjorden verneområdestyre, Statsforvaltaren i Vestland	Stølsheimen verneområdestyre, Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Naturvernforbundet Hordaland			
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane			
NVE region vest		Postboks 53	6801 FØRDE
Sogn og Fjordan Bonde- og småbrukarlag			
Sogn og Fjordane fiskarlag		Postboks 173, 6701 Måløy	6701 MÅLØY
Sogn og Fjordane turlag			
Sogndal kommune		Postboks 153	6851 SOGNDAL
Stad kommune		Rådhusvegen 11	6770 NORDFJORDEID
Statens vegvesen - Region vest		Askedalen 4	6863 LEIKANGER
Statsforvaltaren i Vestland		Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Stølsheimen verneområdestyre, Statsforvaltaren i Vestland		Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Stryn kommune		Tonningsgata 4	6783 STRYN
Sunnfjord kommune		Postboks 338	6802 FØRDE
Ulvik herad		Skeiesvegen 3	5730 ULVIK
Vestland Bondelag			
Vestland fylkeskommune		Postboks 7900	5020 BERGEN
Vik kommune		Postboks 134	6891 VIK I SOGN
Voss herad		Postboks 145	5701 VOSS